
Fra: Thorleif Stendal <sten-vvs@online.no>
Sendt: 5. august 2014 15:00
Til: Ingrid Bjørge Pedersen
Emne: SV: Mangelfull søknad om utslepp for gbnr 84/11 og 84/12 Kvalvågnes
Vedlegg: img-805154248-0001.pdf

Hei

Skjønner kva du skriv, men de er koloner eg aldri har fylt ut før og de har aldri våre spørsmål om dei før, så da treng eg litt hjelp på de eg har merka gult.

Kva skal eg svare på dei og korleis skal eg finne ut slike ting?

Er de noe eg må snakke med dere om på forhand før eg sender ein søknad om utslipp, eller er de noen plass eg kan finne slikt ut sjølv?

Håper at du kan hjelpe meg her.

Mvh

Heidi Meland



Blombakken 1, 5911 Alversund

Tlf: 56354455

Mob: 40017963

E-Post: sten-vvs@online.no

Fra: Ingrid Bjørge Pedersen [<mailto:Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no>]
Sendt: 5. august 2014 10:28
Til: sten-vvs@online.no
Emne: Mangelfull søknad om utslepp for gbnr 84/11 og 84/12 Kvalvågnes

Stendal VVS AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5767 - 14/17685

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

05.08.2014

**Mangelfull søknad om utslepp for gbnr 84/11 og 84/12
Kvalvågnes**

Administrasjonen syner til søknad om utslepp for gbnr 84/11 og 12 og søknad om tillatelse til tiltak, søknad motteke her den 07.07.2014.

Ansvarleg søker, i dette tilfelle Stendal VVS har ikkje sendt inn ei tilfredstillande søknad, som etter loven oppfyller de krav som stilles til søknad om utslepp. Når det gjeld søknad om utslepp er ikkje skjema tilstrekkeleg opplyst, og dette gjeld særleg informasjon kring utsleppstad. Området Kvalvågnes har lenge vore eit sårbart området, som er dårleg egna for utslepp av separate utslepp. Dette er gjort særleg kjent i hovudplan for avløp,vedteke 08.05.03 for Lindås Kommune.

Det, som ansvarleg søker skal påse at all dokumentasjon som vert sendt inn i forbindelse med ei søknad til kommunen er i tråd med gjeldande planer, lover og forskrifter.

I søknaden om utslepp er det ikkje opplyst utsleppstad. Dette er heller ikkje skildra i innsendte situasjonskart. For at kommunen skal kunne ta stilling til søknad om utslepp og søknad om etablering av avløpsanlegg er dette informasjon som skal gjerast kjent i søknaden.

Det kommer heller ikkje fram av søknad om private interesser vert råka som følgje av etablering av nytt avløpsanlegg og nye utslepp i området. Dette gjeld særleg informasjon kring private vassforsyning, ekspempletvis lokaliteten til brønner, og dersom leidning vert lagt over anna manns grunn.

For at kommunen skal kunne sakshandsame søknaden må følgende sendast inn:

1. Nytt skjema for utslepp. Administrasjonen presiser at alle punkt i søknaden skal utfyllast, og private interesser skal vurderast i kva søknad. Det skal også i søknad informerast om utsleppstad.
2. Nytt situasjonskart som syner avløpsleidning helt fram til utsleppstad.

I påvente av overnemnde manglar vert saka lagt på vent her hos kommunen.

Ansvarleg søker må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffa tiltak for å unngå gjentaking. Dokumentasjon må kunne leggjast fram ved evt. Tilsyn.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi til:

Karen Hella

Bønesheien 124 5154

BØNES

Nils Kvalvågnes

Kvalvågnes 5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Stendal VVS AS